

Til stade: Hilde Reitan - leiar, Helene M. Bolstad - nestleiar, Thor Hauknes, Kristian Hanto, Kjellbjørn Karsrud, Silje Solberg, Thomas Nilsen – 1.vara.

Tid: Fredag 29.september kl 08.30-16:00: Styremøte

Stad: Scandic Bergen City, Håkonsgaten 2-7, Bergen.

Torsdag 28.september hadde vi møte med lokallaga i Bergen og Hordaland.

Referat

- Styresak 2017/42 Innkalling og sakliste
- Styresak 2017/43 Orienterings-, drøfting- og referatsaker
- Styresak 2017/44 Styremøte 2017/01 i Trysil?
- Styresak 2017/45 Årets folkemusikkarrangør
- Styresak 2017/46 Søknad om Kongepokal 2018 og 2019
- Styresak 2017/47 Søknad om LF 2019
- Styresak 2017/48 Frifondfordeling
- Styresak 2017/49 Søknad om endring av prosjektplan for prosjekt i Rogaland
- Styresak 2017/50 IntroFolk
- Styresak 2017/51 Evaluering av årets LK og LF
- Styresak 2017/52 Oppdrag til styremedlemmer – ulike problemstillinger
- Styresak 2017/53 Eventuelt

Styresak 2017/42 Innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vert godkjend.

Styresak 2017/43 Orienterings-, drøfting- og referatsaker

- a) Rekneskapsrapport per 30.juni 2017.
- b) Driftsrapport per 18.september 2017
 - a. Rådgeving/opplæring/service – oppsummering
 - i. Frifond organisasjon vart fordelt i dette møtet.
 - ii. Dommarseminar på Voss, planlegging.
 - iii. Utsending av eitt til to nyhendebrev til laga kvar månad.
 - b. Formidling og arrangement – oppsummering:
 - i. Landsfestival i gammaldansmusikk og Landskappleik:
 - 1. Gjennomført Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk.
 - 2. Kontakt med neste års arrangørar for å planlegge i best mogleg tid.
 - 3. Oppdatert nettsider og kanalar for sosiale media, slik dei passer neste års arrangørar.
 - 4. Fortløpande justeringar av tevlingssystem og nettsider, slik at feil vert fjerna og nye funksjonar kjem til.
 - 5. Produksjon av innhald på sosiale media til arrangementa, slik at det er aktivitet i dei.
 - ii. Folkelarm
 - 1. Programplanlegginga er i sluttfasa.
 - 2. Folkelarmprisen vert delt ut laurdag i Folkelarmhelga.
 - 3. Samarbeid med Møst og Samspill om seminarprogram.
 - 4. Vi har invitert internasjonale delegatar.
 - 5. Festivalmøte i Music Norway.
 - 6. Marknadsføring vert prioritert.
 - iii. INTROfolk:
 - 1. Vi fekk avslag på søknaden i Norsk Kulturråd
 - iv. Nordic Folk Camp: Ungdommane Siri Nordgård, Ragna Valde Sletten, Solveig Eide Grønningseter og Cecilie Skrindo deltok på Nordic Folk Camp i Finland. Stor suksess.
 - v. Årets Folkemusikkarrangør vart handsame i dette møtet.
- c. Informasjon og opplysning – oppsummering:
 - i. Folkemusikk – magasinet:
 - 1. Nr. 3 er nå ute.
 - 2. Bladslepp på Bergen Offentlege bibliotek 29.september med Kristoffer Kleiveland og Maria Skjeldrum Toppe.
 - 3. Søkt om å komme på innkjøpsordninga hos Norsk kulturråd – innvilga. Søkt om produksjonstilskot av Norsk kulturråd – avslag. Søkt ekstraordinære midlar i Fritt Ord til kritikk, og til produksjon av ein folkemusikkpodcast.

4. Redaktøren deltok i august på den internasjonale folkemusikkfestivalen Sharq Taronalari i Samarkand, Usbekistan, og skal delta på Womex i Katowice, Polen i oktober.
 - ii. Generelt informasjonsarbeid:
 1. Promomateriell til program på LK og LF, samt flyere og plakatar, for FolkOrg, Folkelarm, dommarsseminar og bladet ble laga for promotering sumaren 2017.
 2. Har vore i møte med UD, ved Sverre Lunde, kring søknad om stønad til ny folkcd.no.
 - d. Påverknad/samarbeid – oppsummering:
 - i. Vi har vore på innspelsmøte og sendt inn innspel til ny Frivillighetsmelding.
 - ii. Har vore på to møter om ny kulturmelding.
 - iii. Har vore på møte i Musikkindustriens næringsråd (MIR), der vi er blitt medlem. Tema var konsekvensane av eventuelt innføring av kulturmomms.
 - iv. Vi har hatt ein kronikk på trykk i Nationen under Landskappleiken. Tema var regionale folkemusikksenter og dei særeigne omsyna folkemusikken og dansen treng.
 - v. Vi arrangerte debatt under Arendalsuka saman med dei andre organisasjonane i Arrangørforum. Temaet var arrangørens rolle i kulturens økosystem.
 - vi. Vi har hatt samarbeidsmøte med Norsk musikkråd, saman med Norsk jazzforum, Norske konsertarrangørar, Klassisk, Norsk Bluesunion og Samspill, for å sjå på kva Norsk Musikkråd kan støtte oss i .
- c) **Særskilde satsingar**
- a. **Rekruttering**
 - i. Vi har søkt gåveforsterkingsmidlar frå Kulturdepartementet, men fekk avslag, men vi har stor sjanse for å få i 2018.
 - ii. Planlegging av avsparksamling i rekrutteringsprosjektet. Det blir 17.november under Folkelarm.
 - b. **Info/synlegheit/formidling**
 - i. Vi var til stades under utdelinga av Andres Jahres kulturpris, som i år gikk til Knut Buen, Kirsten Bråten Berg, Anbjørg Lien, Hallgrim Hansegård og Halvard T. Bjørgum.
 - c. **Det profesjonelle feltet**
 - i. TONO arbeidsgruppa har hatt to møte. Det er planlagt to økter under Folkelarm 2017; ein økt der TONO informerer om sitt virke, og eit kræsjkurs i korleis registrere verk i TONO. Arbeidsgruppa held fram med å skape ein god dialog med TONO.
 - ii. Vi har dessutan hatt møte med TONO for å få klargjort en del kring den avtalen vi har på vegne av arrangørane og laga våre. Det viser seg at LK og LF må betale TONO-avgift utanom den avtalen i har.
 - iii. Vi skal delta på English Folk Expo for å sjå på mogleg samarbeid.

- iv. Vi skal på opninga av bokmessa i Frankfurt, for å sjå kva vi kan gjere i 2019.
- v. Vi skal på Womex.

d) Eventuelt.

Vedtak: Styret tek orienterings- og referatsakene til orientering med desse merknadene:

- Vi tek kontakt med eit utval politikarar for å avtale møter.
- Det er utfordrande å finne lokal arrangør til LK 2019. Styret ønskjer å utfordre ein av dei store byane, Oslo og Bergen, til å ta på seg arrangementet. Samt følge opp Kongsberg som tidlegare har vore inne på tanken.

Styresak 2017/44 Styremøte 2017/01 i Trysil?

Vedtak: Styremøte 2018/01 blir 12.-13.januar i Trysil.

Styresak 2017/45 Årets folkemusikkarrangør

Vedtak:

Dei tre nominerte til Årets folkemusikkarrangør i alfabetisk rekkefølge er:

1. Førdefestivalen
2. Heme dine
3. Storefjelltreffen

Vi skal sjå på innrettinga av prisen til neste år, slik at ein får meir informasjon om søkarane.

Styresak 2017/46 Søknad om Kongepokal 2018 og 2019

Vedtak:

1. Styret i FolkOrg søker om å setje opp kongepokal i tevlingsgreina dans fele på Landskappleiken i 2018.
2. Styret i FolkOrg søker om å setje opp kongepokal i tevlingsgreina spel hardingfele på Landskappleiken i 2019.
3. Vi løfter opp saken til Landsmøtet om vi skal inkludere nokre av klassane på Landsfestivalen i gammaldansmusikk i rulleringa av kongepokal.

Styresak 2017/47 Søknad om LF 2019

Vedtak:

Hardanger Spelemannslag vert tildelt Landsfestivalen i gammaldansmusikk 2019.

Styresak 2017/48 Frifondfordeling

Vedtak:

Framlegg til fordeling av Frifond organisasjon 2017 er godkjend.

Styresak 2017/49 Søknad om endring av prosjektplan for prosjekt i Rogaland

Vedtak: Søknaden vart innvilga.

Styresak 2017/50 IntroFolk

Vedtak:

- a) Vi arrangerer IntroFolk i 2018.
- b) Styret i FolkOrg ønskjer å ha særskild fokus på den profesjonelle soloutøvarer i denne runda av IntroFolk, og det er difor berre opent å søkje for soloutøvarar.
- c) Vinnaren får Gramo-stipend, showcase på Folkelarm, konsert på Riksscenen og eventuelt konsertar i regi av folkemusikksentra. Det avklarar endeleg før utlysing.

Styresak 2017/51 Evaluering av årets LK og LF

Ingen vedtak, men styret gikk gjennom innspela som har kome, eigne innspel og drøfta dei ulike punkta. Eventuelle endringar i tevlingsreglement vert vedteke i neste møte.

Styresak 2017/52 Oppdrag til styremedlemmer – ulike problemstillingar

Styret drøfta ulike problemstillingar kring eventuelle kollisjonar mellom rolla som tilsett eller styremedlem og ulike oppdrag. Konklusjonar frå drøftinga:

- Viktig å nytte skjønn i dei ulike problemstillingane.
- Tilsette og administrasjon skal ikkje vere dommarar på Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk.

- Dersom tilsette sit i juryar eller andre utval, og det som representant frå FolkOrg, skal dei gjere det som en del av stillinga si med mindre dei får honorar frå dei som set ned juryen eller utvalet.
- Styremedlemmer skal ha honorar for å sitte i slike utval.
- Dersom vi nytter styremedlemmer som fotografar på våre arrangement, så er det rett å betale for rettane til å nytte bilda til andre formål enn det arrangementet, slik som vart praktisert i 2017.

Styresak 2017/53 Eventuelt